

# KULTUR

Nyttårskonsertane i helga:

## Klassiske perler med stjernesolistar og Ålesund-symfonikarane



Nyttårskonsert: Parken kulturhus laurdagskvelden med solistane Eli Kristin Hanssveen og Tor Inge Falch, operakoret, dirigent Trond Husebø med symfonikarane.

**Nyttårskonsertane i regi av Ålesund Symfoniorkester byr tradisjonen tru på ei perlerække av klassiske tonar – slik også i år.**

**Publikumsvennleg repertoar av festlegaste slag og solistar i stjerneklassen som i dette tilfellet, sopranen Eli Kristin Hanssveen og tenoren Thor Inge Falch, sette folk i den gode stemninga.**

BB • KJELL OPSAL

Dirigent Trond Husebø slo an tonen for "Flaggermusovertyren" signert Johann Strauss, ein melodios komposisjon som dermed også blei opningsfanfaren for symfonikarane.

Snart var Thor Inge Falch inne på scenen med verk av ein like populær toneskapar, Franz Lehár, og etterfylgt av Eli Kristin Hanssveen som tolka Emmerich Kalman.

Dermed var det berre å lytte og nyte og sjå aktørane boltre seg programmet der det heller ikkje var langt i mellom dei musikalske spøkane – godt understøtta av ein sprudlande konferansier Arill Riise som ikkje gjekk av vegen verken for det eine eller det andre...

Operakoret var sjølvstøtt med på laget med Marianne Ravn Stavseng som den musikalske leiar. Festlege kostymer som også medverka til å sette farge på forestillinga.

Koret imponerte med sine musikalske kvalitetar, ikkje minst i Les Misérables-potpurriet som baud på mange utfordringar. Svært bra!

Thor Inge Falch har vi hatt glede av å høyre fleire gongar hos Musikens Venner i Tomrefjord. No var han her igjen, og optrådte som den suverene herremann på vandring med høyt heva glas til Maxim... og tok elegant spranget til "Nessun dorma". Dette ønskestykket for alle tenorar som komponisten Puccini ikkje gir noko som helst kvileskjer. Men solisten heva seg over dette og tok utfordringa på strak arm med kontroll over dei krevande tonespranga. Nydeleg! Vi var innom Verdi, Bizet, Tchaikovsky og Shostakovich med fleire frå den klassiske musikkens populærhits.

Den andre solistgjesten frå Den

norske opera, Eli Kristin Hanssveen glitra i dobbelt forstand med stemmeprakt prega av varme og innleving, og sceneopptreden som skapte begeistring både hos publikum og medaktørar. Gjennom Bernsteins "Glitter and be gay" tok ho like godt turen ned i salen og skapte nærkontakt med publikummararar – utan å vike ein tone. Flott!

Vi blei imponert fyrste gongen vi høyrdet henne på plate der ho år tilbake tolka Evert Taube – og no leverte ho det klassiske konsertrepertoaret like sjølvstøtt og med stor glans.

Ålesund Symfoniorkester er ryggrada i desse konsertane og

baud på mange fine parti, slik som vi bl.a. høyrdet frå fløyte- og treblåsarane.

Trond Husebø var ein aktiv og spirituell dirigent som trekte det beste ut av orkesteret som er samansett med proffar og gode amatørar. Her er nok ønskemålet å få inn større bemanning for å få meir kraft og breidde i dei arrangementsmessige uttrykka. Her slår det oss tanken at med alle dei store planar for utbygging i bysentrum inkludert kulturhus, bør nettopp investering i symfoniorkesteret bli inkludert i planane.

Sjå på kva som skjer med "Kilden" i Kristiansand og kvifor

skal ikkje pengerike Sunnmøre kunne mønstre eit symfoniorkester i internasjonal klasse i eit nytt praktfullt kulturrens hus midt i sentrum av distriktets hovudstad! Men då må det tilførast ressursar i form av både pengar og menneske som vil gi eit musikalsk resultat som kan kome heile distriktet til gode.

Men tilbake til nyttårskonsertane laurdag og søndag. I sin heilskap ei festleg oppleving der folk hygga seg og kvitterte med ståande applaus som ga "Radetskymarsjen" som bonus tilbake. Triveleg!



Applaus: Blomster og applaus, Marianne Ravn Stavseng (t.v.) – operakoret, Eli Kristin Hanssveen, dirigent Trond Husebø og Thor Inge Falch.